

# Avtale om praksis i bedrift for deltakar i modulstrukturert fag- og yrkesopplæring for vaksne

	Namn	Telefon/Mobil	E-post
Bedrift			
Dagleg leiar			
Kontaktperson bedrift			
Skule			
Rektor			
Faglærer skule			
Deltakar			
Tidsrom – dag(-ar)			

Modulstrukturert fag- og yrkesopplæring legg opp til ei fleksibel og individuell tilpassing i opplæring. Ut i frå den enkelte kandidaten sin bakgrunn, kan ein kombinere opplæring i skule, praksis og/eller betalt arbeid i bedrift, for å oppnå ynskja sluttkompetanse. Hovudvekta av opplæringa skal gå føre seg i bedrift.

«Avtale om praksis i bedrift for deltakar i modulstrukturert fag- og yrkesopplæring for vaksne» brukast der deltakaren skal vere i praksis i bedrift og det ikkje er teikna ei lærekontrakt.

1. Som deltakar i praksis i bedrift er ein underlagd gjeldande skulereglement. Ein pliktar samstundes å fylgje bedrifta sine sikkerheit - og arbeidsreglar.
2. Deltakaren må ikkje bruke maskiner underlagt sertifisert tryggleiksopplæring (truck, anleggsmaskiner, kran mv.) utan at deltakaren har aktuelt kompetansebevis. Forskrift om utførelse av arbeid § 10-3.
3. Deltakaren skal ha med seg dokumentasjon på generell tryggleiksopplæring for arbeidsutstyr som krev særleg forsiktigheit ved bruk, Forskrift om utførelse av arbeid; § 10-1, §10-2. Bedrift sørger for utstyrsspesifikk opplæring etter § 10-4. Deltakaren skal ikkje bruke arbeidsutstyr som krev dokumentert tryggleiksopplæring eventuelt utstyrsspesifikk opplæring utan at opplæring er gitt.
4. Det vert ikkje utbetalt godtgjering til bedrifta under praksis. Kandidatar som allereie er tilsett i bedrifta, kan behalde stillinga si og betalt arbeid i tillegg til opplæring/praksis som deltakar. Deltakarar som ikkje er tilsette skal ikkje få utbetalt løn/godtgjersle av bedrifta for utført arbeid under praksis. Alternative for desse kan vere å søkje stønad til opplæring hjå statens Lånekassee eller stønadsordning frå NAV.
5. Vi gjer merksam på at praksisstaden etter Lov om yrkesskedeforsikring, er ansvarleg for yrkesskedeforsikring. Dersom bedrifta har tilsette vil normalt praksisstaden si yrkesskedeforsikring også dekkje elevar i praksisopplæring. Dei aller fleste bedrifter har

forsikringar som omfattar alle arbeidstakarar i verksemda utan å melde inn arbeidstakar sitt namn. Det vil difor ikkje vere nødvendig for bedrifta å teikne eiga forsikring for desse. Sjekk ut at bedrifta har tilstrekkeleg tal arbeidstakarar på sin yrkesskadeforsikring.

### **For bedrifter som har yrkesskadeforsikring**

For yrkesskadeforsikring er det vanleg at bedrifta kan overskride tal arbeidstakarar med 10% i høve talet som er angitt i forsikringsbeviset. Dersom det viser seg at bedrifta ikkje har høve til å ta inn deltakar i praksis grunna tal personar i sitt forsikringsbevis, betalar Vestland fylkeskommune for utviding slik at deltakaren får gjennomført praksis i bedrifta. Fylkeskommunen betalar då for ekstrakostnaden bedrifta får ved å teikne ekstra yrkesskadeforsikring for eleven som vert utplassert.

Bedrifta teiknar då forsikring for deltakaren og sender faktura for ekstrakostnaden til fylkeskommunen. Fakturaen til fylkeskommunen må innehalde deltakaren sitt namn og periode for utplassering.

Bedrifta skal nytte ressursnummer 24975 ved fakturering. [Les meir om faktura til Vestland fylkeskommune](#)

[Bruk skjemaet Innmelding for utvida yrkesskadeforsikring i praksis for deltakar.](#)

Innmeldingsskjema skal fyllast ut av skulen og sendast i forkant av utplasseringa. Send gjennom [e- dialog](#) og merk innsendinga med «Andrea Celeste Jensen»

### **For enkeltmannsføretak**

I dei tilfella der praksisstadane ikkje har tilsette, har dei ikkje yrkesskadeforsikring. I desse tilfella må deltakaren forsikrast på eiga ordning gjennom Vestland fylkeskommune. [Bruk Innmeldingsskjema for enkeltmannsføretak i praksis for deltakar.](#)

Innmeldingsskjema skal fyllast ut av skulen og sendast i forkant av utplasseringa. Send gjennom [e- dialog](#) og merk innsendinga med «Andrea Celeste Jensen»

6. Ved fråvær i praksis skal deltakaren snarast gi melding til bedrifta og skulen, samt opplyse om årsak.
7. Faglærer fører fråvære i samråd med kontaktperson ved bedrifta.
8. Eventuelle tvistemål under praksis må straks meldast til skulen.

### **Deltakaren pliktar i praksisperioden å:**

- Møta presis
- Gje melding til kontaktpersonen på praksisplassen om fråvær i tilfelle sjukdom/andre forhold.
- Overhalda arbeidstida
- Fylja sikkerheitsreglane på arbeidsplassen
- Utføra avtalte oppgåver
- Halda avtalar
- Overhalda teieplikt
- Orientera seg på praksisstaden

### **Kontaktperson(-ane) på praksisstaden vert beden om å:**

- Ta ansvar for oppfylging av deltakaren på praksisstaden
- Gje avtalar om arbeidstid
- Opplyse om sikkerheit - og arbeidsreglar
- Gjera seg kjend med deltakaren sin opplæringsplan i praksisperioden

- Leggja til rette for og involvere deltakaren i arbeidet
- Gje nødvendig rettleiing og tilbakemelding i arbeidssituasjonen
- Gje deltakaren eit telefonnummer på arbeidsplassen der ho/han kan ringja og gje viktige meldingar
- Så fort som råd er melda frå til kontaktpersonen på skulen dersom deltakaren ikkje fyljer opp avtalen.

**Faglærer frå skule har ansvar for:**

- Besøke og følgje opp deltakar ute i bedrift
- Sikre at opplæringa skjer i tråd med deltakarens opplæringsplan
- Gjennomføre undervegsvurdering og sluttvurdering. Vurderinga skjer i samarbeid med bedrifta.

Stad, dato:

Underskrift for skulen:

Stad, dato:

Underskrift for bedrifta:

Stad, dato:

Underskrift deltakar: